

Favorittsigrar i kjempekjekt arrangement.

10.08.2019



Andre Øvstebø forserer motbakkane i fin stil.(Foto: Elisabeth Grøtte Kolstad)

Det vart favorittsigrar både i herre- og dameklassen då Folgefonna Opp vart arrangert som 4. løp i norgescupen i motbakkeløp i dag. Siger vart det også absolutt for dei dyktige arrangørane som måtte gjera grep i høve til den opphavelige planen grunna vermeldingane. Resultatet vart særst vellukka både for motbakkeløpet og for familiedagen.



Cathrine Haugland er klar på drikkestasjonen der ho var saman med sonen Pål Ingmar(Foto: Elisabeth Grøtte Kolstad)



Frå starten i konkurranseklassen(Foto: Lars Terje Åsen)

Det vart favorittsigrar både i dame- og herreklassen. I begge klassane var det årets noregsmeisterar som gjekk til topps. I herreklassen var Torstein Tengsareid frå Skjalg suveren vinnar. Med tida 52.58 var han 3.31 føre toaren Oskar Røen frå Varegg. Karoline Holsen Kyte frå Førde var raskast av damene. Med tida 1.02.31 var ho heilt oppe som nr. 6 av samtlige deltakarar. Ho var 3.31 føre Anita Iversen Lilleskare frå Bergen Løpeklubb som vart nr. 2 av damene.

Dei dårlege vermeldingane gjorde at måtte ein leggja om løypa på grunn av tryggleiken til løparane. Dermed vart starten flytta ned til kaiområdet medan mål vart flytta frå Fonnabu ned til Gjeldeskaret (1160 moh). Løypa vart då ca. 8 km lang. Arrangørane fekk mykje ros frå deltakarhald. Ein av dei som kom med ros, var Torstein Tengsareid som sa at han likte løypa svært godt.



Joa, Elvira, Emil og Ellie fekk både medaljar og diplom etter barkebåtløpet.

Som eit resultat av denne omlegginga, vart familiearrangementet Maurangerdagen flytta ned til kaiområdet der det var sett opp fleire store telt. Her var det salg av masse god mat, drikke og t-skjorter. Det var direkteoverføring til storskjerm slik at publikum kunne følgja løparane ute i løypa. På skjermen kom også mellomtider opp, og då løparane gjekk i mål, fekk publikum sluttresultata direkte. Mange aktivitetar var det også i området. Vi la merke til både barkebåtløp, zipline, støvelkast, quiz og øksekast. Stemninga var svært god, og det var tydeleg at folk kosa seg. God temperatur var det, og regndråpane heldt seg mest borte. Lett og undealdande musikk var det og. Det sytte B-gjengen i Rosendal musikklag for.

Kaiområdet viste seg ypperleg eigna til dette arrangementet som tidlegare har vore på Sandarvollen. Både arrangørar og publikum var svært fornøgde, og arrangørane fortener mykje ros for måten dei takla verutfordringane på. Det var imponerande. Det er tydeleg at eldsjelene i Ænes og Mauranger bygdelag har opparbeidd seg god rutine gjennom dei åra dei har hatt arrangementet. I år var Uskedal IL medarrangør i motbakkeløpet.

Fullstendig resultatliste finn de [HER](#).



Både uskedelinger og andre kosa seg med god mat og fin musikk frå B-gjengen i Rosendal musikklag.



Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Elisabeth Grøtte Kolstad, Lars Terje Åsen og Thor Inge Døssland.